

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5 -

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Tresfjord

Emne: Vannbering

Bygdelag: Tresfjordbygda

Oppskr. av: Hans Skeidsvoll

Gard: Skeidsvoll

(adresse): Tresfjord

G.nr. 16 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga oppleving.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn; (ta også med alder, heimstad, yrke): Kåmann,
smått 80 år.

SVAR

1. Det var eit stort strev på gardane å bera vatn inn i kjøken og fjösar. Og den vanlege måten var å bera på börtre i to byttor. Krav vending nemndest eit "vasspar". - Börtreet er skapt mest mogeleg slik at det høver dei som brukar det. Börtrebanda er anten av kjetting eller snøre med jærnkrokar i. - Den andre börtresorten med reim over oksli og kreet over magen kalla me "brengtre" - lite brukt.
2. Ukjent her.
3. Likesø.
4. Den tid det var godt om arbeidshjelp var det vanleg å ha to gjentor på gardane. Den eine ha då til hovudarbeid om vinteren å etla maten til búskapen og var nemnt som búdeie; hi styrde med vatsberingi, varming og gjering av vatnet til búskapen og var då i denne samanheng nemnt som "vasstaús".
5. Det finnst nok endå bruk, småe som store, som driv på gamall gjerd.
6. Vatsköyring i sår eller tünnor hende ein-skilde stader når "vassnöyte" fräus til slik at dei laut urvanleg langt för dei fann "tie" vatn. Like eins sümars dag om det vanlege vatsnöytet türka opp.

2

7. Kann minnast at i 1870-åri var nøytings-
vatnet teke heim i tūnet i trerøyres på ei par
stader for å få rikeleg tilgang av vatt til brynn
for fleire hūslydar. Men etter kvart folk vart vis
med fordelan med springvatt - serleg i sjösen
med drikkekar til kvar hū, og med det å spara
mykje av ei gjenteløn om vinteren - bar det
til å få inn vatt alle stader der det var rimeleg
å få det til. -

No er lønerne so høge at hūsmora på dei
vanlege gardane hev overteke sjorningi av būskepen
liksovel som det alltid hev vore på dei smae
brūk.

1435

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1435

Bygdøy i april 1948.

Tilleggsspørsmål til emne nr. 5, Vannbæring.

Vennligst svar på dette papir med blyant og send det så fort råd er i den lille konvolutten.

Brukte eller bruker en å la flyte noen gjenstander på vannet eller melken når en bar eller kjørte væskene en lengre vei for å hindre at væsken skvulper over?

Brukte eller bruker en:

- 1) Treskiver, løse lokk (med eller uten håndtak)?
- 2) a) Trekors?
b) Trekors med en liten knott i midten for lettere å kunne løfte det?
- 3) Noen trestykker?
- 4) Gress, halm, løkvister, store blad, gran- eller enekvister?
- 5) Is eller snø?
- 6) Kjerald, skål, bøtter, trefat?
- 7) Korkskiver?
- 8) Hva kaller en slike ting for (skuljefjæl, flottor, bøk, flæ, flyteskiver)?
- 9) Fanns det noen forseggjorte gjenstander til det bruket?

--- o o o ---

Trur det kann slåast fast at her ikkje er tradisjon med omsyn til køying av vatten til gards. I gammal tid var her brynn ved alle tinn der det ikkje var grov (bakk) i merleiken. Køying av vatten lange vegar vart soleis berre eit ser = hende når brynn eller grøner tørka opp. At dei var so praktiske at dei la ned på vatnet eitkvart for å hindre skompling på løkelause såar og tinnor er vel sjølv sagt.

Til å transportere mjølk eller syre i små setrar - eller og til arbeidspassar langt vekk bruktest sponsebøtter. Dei var so laga at det var ein lagga bottn mede og ein øvre - og i denne var eit sponshol so stort at dei fekk ned i ei hand når dei vaska ho. Dertil ein kjølpe å bera etter som på ei vanleg trebøtte.

(I seinare tid her det vorte transportspann.)

Herad — Tresfjord.
Uppteiknar — Hans Sneidsvoll

1599